



Voss herad

# Folkehelseoversikt 2024 - 2027

Presentasjon i Utval for Levekår, 8. November 2023

*Gunnhild Utkvitne*

**VOS2**  
bygd for sterke opplevingar

# Kva er folkehelse?








# Kvifor folkehelseoversikt?

[Folkehelselova](#) pålegg kommunar og fylkeskommunar å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga med dei positive og negative faktorane som kan verka inn på helse.

Oversikta skal ha ei særleg merksemd på trekk ved utviklinga som kan skapa eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseskilnader. Folkehelseoversikta vil utgjera ein viktig del av det langsiktige og systematiske folkehelsearbeidet i kommunen. Føremålet er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar befolkninga si helse og utjamnar sosiale helseskilnader.

Folkehelseoversikta er eit fagleg dokument som skal utarbeidast kvart fjerde år og vera del av kunnskapsgrunnlaget til arbeidet med ny planstrategi.

# Metode



# Fire folkehelseutfordringar i Vestland



- Sosial ulikskap i helse
- Demografiske endringar
- Psykisk helse og livskvalitet
- Klimaendringar

[Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#)




# Sosial ulikskap i helse

## Vedvarande låginntekt



## Høgaste fullførte utdanningsnivå



- Grunnskulenivå
- Vidaregåande skulenivå
- Universitets- og høgskulenivå, kort
- Universitets- og høgskulenivå, lang
- Uoppgitt eller ingen fullført utdanning



Fordeling av høgaste utdanningsnivå for personar over 16 år ([SSB](#), [Kommunefakta](#))

Voss herad ligg signifikant betre an enn landsnivået når det gjeld vedvarande låg inntekt i alle aldrar ([Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027](#)), ([Kommunehelsa \(fhi.no\)](#))

# Demografi




Folketalsutvikling Vestland ([Vestland statistikk og utviklingstrekk](#)).

# Psykisk helse og livskvalitet


- ❖ Einsemd og psykiske plagar i Vestland auka kraftig under Covid 19 og er framleis ikkje attende på 2018/2019 nivå.
- ❖ Innbyggjarar 0-74 år med psykisk symptom/lidingar er aukande (4,5% auking frå 2015 til 2020). For unge mellom 15-24 år er aukinga på 15% ([Kommunehelsa statistikkbank](#)).
- ❖ Del LHBQT+ med dårleg psykisk helse er større enn blant heterofile på landsnivå ([Seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika, 2020](#)).



115 per 1 000 innbyggjar har psykiske symptom/lidingar



# Klimaendringar



# Oppsummert



Folkehelsa i Voss og Vestland utviklar seg om lag som folkehelsa generelt i landet. Men..

- **Levealderen** er høgare på Vestlandet enn i andre fylkeskommunar, og forventta levealder i Voss herad er høgare enn landsnivået. Dette indikerer at innbyggjarane i Voss herad har betre helse enn landsnivået. Det er likevel utfordringar knytt til ei aldrande befolkning på Voss. I 2030 er det fleire eldre enn born i Voss herad.
- Personar som kjenner på **einsemd og slit med psykiske lidingar** aukar - både i landet, på fylkesnivå og i Voss herad.
- **Stoda i vossaskulane** – negativ trend både kva gjeld trivsel på skulen og meistringsnivå.
- Innbyggjarar som bur i hushald med **vedvarande låginntekt** i Voss herad aukar, men me ligg framleis under landssnittet.
- **Samanhengen mellom klima, folkehelse og psykisk helse**. Mange unge er uroa for framtida, og klimaangst er eit reelt fenomen som me enno ikkje veit omfanget eller alvorsgrada av.



Vår ref. 23/7771 - 1  
Saksbehandlar Gunnhild Utkvitne  
Dato 09.10.2023

## Saksframlegg

### Planstrategi 2024 - 2027 Oppstartsmelding

| Saksnr. | Utval                          | Møtedato |
|---------|--------------------------------|----------|
|         | Formannskapet, Plan og økonomi |          |

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Voss formannskap vedtek oppstartsmelding Planstrategi 2024 - 2027.
2. Oppstart av arbeidet vert kunngjort og varsla til nabokommunar, Statsforvaltar i Vestland og Vestland fylkeskommune.

#### Samandrag

Kommunal planstrategi skal utarbeidast i tråd med plan- og bygningslova (PBL), seinast eitt år etter at heradsstyret har konstituert seg. Planstrategien skal vera eit verkøy for politisk prioritering av planlegginga i neste planperiode (2024 - 2027), og sikra at det er utfordringsbiletet og ny politikk som er førande for planlegginga i Voss herad. Rådmannen rår til at oppstartsmelding for Planstrategi 2024 - 2027 vert vedteken og at oppstart av arbeidet vert varsla til nabokommunar, Statsforvaltar i Vestland og Vestland fylkeskommune.





Voss herad



Tusen takk for meg 😊

**VOS2**  
\* bygd for alle